

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 5/2025

2025/EØS/30/05

av 7. februar 2025

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/2183 av 2. september 2024 om endring av gjennomføringsforordning (EU) nr. 389/2011, (EU) 2016/899, (EU) 2017/440, (EU) 2017/896, (EU) 2020/164, (EU) 2020/166, (EU) 2021/2051, (EU) 2021/2096, (EU) 2023/1167, (EU) 2023/1703 og (EU) 2023/1713 med omsyn til namnet på innehavaren av godkjenninga av førtilsetjingar⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/2185 av 3. september 2024 om godkjenning av eit preparat av *Bacillus subtilis* FERM BP-07462, *Enterococcus lactis* FERM BP-10867 og *Clostridium butyricum* FERM BP-10866 som tilsetjingsstoff i fôr til alle fjørfeartar meinte for slakt og alle fjørfeartar som vert føra opp for eggproduksjon eller avl, og til prydfluglar (innehavar av godkjenninga: Toa Biopharma Co., Ltd.)⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegnar om forvarer. Føresegnar om forvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 4) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 2zd (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 389/2011), 167 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2016/899), 205 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2017/440) og 211 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2017/896) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32024 R 2183:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/2183 av 2. september 2024 (EUT L, 2024/2183, 3.9.2024).”

2. I nr. 342 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/164), 344 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/166), 431 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/2096), 436 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/2051), 500 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/1167), 508 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/1703) og 516 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2023/1713) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

– **32024 R 2183:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/2183 av 2. september 2024 (EUT L, 2024/2183, 3.9.2024).”

⁽¹⁾ TEU L, 2024/2183, 3.9.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/2183/oj.

⁽²⁾ TEU L, 2024/2185, 4.9.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/2185/oj.

3. Etter nr. 613 (Komisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/2441) skal nytt nummer lyde:

”614. **32024 R 2185:** Komisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2024/2185 av 3. september 2024 om godkjenning av eit preparat av *Bacillus subtilis* FERM BP-07462, *Enterococcus lactis* FERM BP-10867 og *Clostridium butyricum* FERM BP-10866 som tilsetjingsstoff i fôr til alle fjørfeartar meinte for slakt og alle fjørfeartar som vert føra opp for eggproduksjon eller avl, og til prydfuglar (innhavar av godkjenninga: Toa Biopharma Co., Ltd.) (EUT L, 2024/2185, 4.9.2024).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2024/2183 og (EU) 2024/2185 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 8. februar 2025, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 7. februar 2025.

For EØS-komiteen

Nicolas von Lingen

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.